

# ÅRSORIENTERING 2021

Forslag lagt fram for kyrkjelydsmøtet



## Ferkingstad kyrkjelyd

Inghild Skeiseid Nordbø  
Rådsleiar

Ole Thomas Fidjeland  
Dagleg leiar

**VEDLAGT:**  
Årsstatistikk 2021  
Årsrekneskap 2021

# ORIENTERING FRÅ RÅDSLEIAR

## OM SOKNERÅDET SITT ARBEID

Så var det tid for årsmelding/ soknerådet sitt arbeid i 2021. Dei fyrste møta i soknerådet i 2021 var prega av pandemi, og etter ny nedstenging måtte me på ny møtas på Teams.

Ferkingstad sokneråd har i 2021 hatt 9 møter og 62 saker. Den 20.oktober var alle sokneråd samla til felles møte i Åkra kyrkje.

Forslag frå ut/leiar om å ha open kyrkje i pandemi tida vart godt motteke av stab. Saman med diakoniarbeider opna me kyrkja vår kvar onsdag i 2 timar på kveldstid. Då kunne folk koma for å be ei stille bøn, tenna lys eller berre vera i kyrkja.

Det var i alt 10 stk. frivillige som sa ja til å stilla på desse møta. Ein stor takk til alle. Til saman var det ca. 25 stk. som møtte opp. Den siste gongen me skulle ha open kyrkje måtte me dessverre avlyse pga. enda strengare reglar i pandemien.

Under viser ein oppsummering av kva saker som har vore til behandling i soknerådet gjennom året.

Berit Ådland  
Soknerådsleiar 2021

## RÅDSARBEIDET

### FERKINGSTAD SOKNERÅD (PERIODE 2019 - 2023)

Berit Ådland	(SR-leiar 2021)
Nora Solli	(SR-nestleiar 2021)
Inghild Skeiseid Nordbø	(KKF-rep)
Odd Egil Sørheim	(KKF-rep vara)
Berit Stonghaugen	
Linda Larsen Meistad	
Thor André Lindstad	(sokneprest)
Arnold Vågen	(1. vara)
Ole Christian Handeland	(2. vara)
Aud Sølvi Vikra Larsen	(3. vara)
Linda Sønnøve Larsen	(4. vara)
Kenneth Nordbø	(5. vara)

*SR: Sokneråd*

*KKF: Karmøy kyrkjeleg fellesråd*



### SAKSBEHANDLING I SOKNERÅDET

Ferkingstad sokneråd har i 2021 hatt 9 møter og har behandla 63 saker. Blant anna:

- Kjøøl/kjølerom på Kyrkjebakken. Tusen takk til Odd -Egil Sørheim som har laga eit heilt nytt kjølerom. Tusen takk også og til John Roger Midtun som har gitt sjølve kjøleagregatet.
- Takkeoffer
- Smittevernregler
- Godhetsveke
- Kristent arbeid i soknet
- Diverse høyringar frå Kirkerådet
- Møteplan for soknerådet.
- Val av rådsleiar og rådsnestleiar  
For det neste året vart Inghild Skeiseid Nordbø valt som rådsleiar og Berit Stonghaugen vart valt som rådsnestleiar.
- Fredtun
- Tvist med «Sikringsordninga»  
Ei viktig sak gjennom dette året har vore tvisten mellom Ferkingstad sokn og Overføringsavtalens Sikringsordning. Dom i Gulating lagmannsrett ble forkynt den 17.oktober, der Ferkingstad sokneråd tapte saka.

# UTVALSARBEIDET

## HUSTYRET

Husstyret har hatt jamlege møter kor me har kartlagt, planlagt og gjennomført noka vedlikehald av Kyrkjebakken.

Husstyret planlegg og arrangerer Open kveld. Også i 2021 har det periodevis vorte vanskeleg å gjennomføra samlingar på grunn av gjeldande smittevern reglar. I periodane myndigheitene har opna for det, har me klart å gjennomføre. Frammøte har vore mellom 30 og 60 personar. Underhaldninga er ulike song krefter, mat og mini utlodding. Me opplever at «Open Kveld» er ein viktig sosial arena for mange.

Me gjennomførte basar på hausten. Denne gav eit overskot på 33.000,-  
Det blei mottatt gåve frå Skudenes & Åkra sparebank på kr. 15.000,- til aktivitet.  
Kyrkjebakken har hatt noka utleie i forbindelse med konfirmasjonar og minnemøte ved gravferd.

I 2021 har fylgjande personar vore engasjert i utvalet:


John Roger Midtun (komitéleiar), Mette Midbøe, Jane Sandve, Irene Tveit og Berit Ådland

## FREDTUN

Ferkingstad sokneråd er medeigar i landstaden Fredtun og eig halvparten av tomta, mens Falnes menighetsråd eig den andre ideelle halvparten.

Kyrkjelyden har brukt staden til eige arbeid, særleg til trusopplæringsarbeid og konfirmantarbeid.

Drifta av staden blir ivaretatt av ein eigen foreining som har eit eige styre. Ferkingstad sokneråd er medlem av foreininga, saman med Falnes menighetsråd. I 2021 var Ole-Christian Handeland representant for Ferkingstad sokneråd i Fredtunstyret.



Etter revisjon av vedtektene for foreningen for Fredtun høsten 2021, har foreningen følgende formål:

*Formålet er å tilrettelegge for aktivitet for enkeltpersoner, menigheter og organisasjoner som vinner unge og gamle for Kristus, som fremmer kristenlivet og som er til oppbyggelse for lokalsamfunnet i Karmøy kommune.*

*Tilgangen til foreningens aktiviteter skal være den samme for alle mennesker såfremt brukerne respekterer foreningens formål.*

*All aktivitet skal foregå i trygge og rusfrie omgivelser. Foreningen skal fremme gode oppvekstvilkår for barn og unge, etterstrebe tilrettelegging for personer som trenger det og arbeide for integrering og brobygging i lokalsamfunnet.*


Sjå elles Foreningen Fredtun sin årsmelding for 2021.

## REDAKSJON FOR KYRKJELYDSBLADET TÅRNKLANG

Også i 2021 har redaksjonen sørget for fire utgivelser av kyrkjelydsbladet Tårnklang;

1. nummer veka før påske.
2. nummer veka før St. Hans
3. nummer tidleg haust.
4. nummer veka før advent.

Tårnklang har holdt fram med dei faste spaltene som ein har opparbeida dei siste par åra. Dette kan me takka våre faste bidragsytarar Margit Veia, Lena Haga Malme og Jorunn Larsen Stueland for. Men også adle dei som har delteke i «salmestafetten» og dei som har bidratt med andaktar i bladet. Det er framleis gledeleg å sjå at det er mange enkeltpersonar som bidrar med frivillige gaver når det følger giro i bladet, typisk i årets fyrste nummer. Takk for gáva! Særleg gjennom pandemitida har det vore godt å kunne halda kontakt med mange gjennom Tårnklang. I 2021 har redaksjonen lagt om frå å bruka Bring til å bruka eigne frivillige distributørar. I Falnes er det kyrkjeforeininga «Kirkens Vel» som har sørget for utlevering av bladet, medan det på Ferkingstad er Anne Marit Jakobsen Langåker, Arnold Vågen, Bente Lillian Tangen, Gerd Oddrun Svendsen, Harald Mjøllhus, Reidar Thomassen, Sissel Bakke Langåker og Jane Sandve. Tusen takk for tenesta!



For innspel til blad eller anna innspel kan ein ta kontakt med redaksjonen per e-post [taarnklang@gmail.com](mailto:taarnklang@gmail.com).

I løpet av 2021 har følgjande personar vore engasjert i redaksjonen: Geir Dale (redaksjonsleiar), Audhild Ekanger Stueland, Gunnar Stueland og Ole Thomas Fidjeland (dagleg leiar i kyrkjelyden).



# ORIENTERING FRÅ DAGLEG LEIAR

## OM ØKONOMI OG STAB I KYRKJELYDEN

Administrasjonsleiar / Dagleg leiar har i 2021 hatt fyljande roller i Ferkingstad kyrkjelyd: Soknerådsekretær (saksførebuar for soknerådet), Dagleg leiar i staben på vegne av soknerådet, Administrasjonsleiar på vegne av kyrkjevevja i Karmøy og Kyrkjelydsarbeidar. For enkelheits skyld nyttast tittelen *dagleg leiar* heretter.

## ØKONOMI

Dagleg leiar har vore sekretær og saksførebuar for soknerådet og har dermed oppmøteplikt på alle rådsmøta. Dagleg leiar har hatt ansvar for oppfylging av saker behandla i soknerådet. Dagleg leiar har hatt ansvaret for oppfylging av fordelt budsjett frå Karmøy kirkelig fellesråd og har vore kasserar for soknerådet.

Ved årsskiftet hadde kyrkjelyden kr 153 392,10 i likvidar. Dette er ein auke frå årsslutt 2020 då likviditets reserven var 21 988,12. Dette er likevel ingen god indikasjon på ein positiv økonomisk utvikling ettersom gjelda til soknerådet også har auka frå slutten av 2020 frå 585 369,78 til 1 645 004,52 ved årsslutt 2021. Denne utviklinga er også spegla i resultatregnskapet for 2021 som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 806 296,88. Dette skyldast i all hovudsak rettssaka mot Overføringsavtalens Sikringsordning der advokatbistand åleine har kosta soknerådet kr 841 799,20 i 2021. Rettssaka er no avgjort, men dessverre ikkje i soknerådets favør. Det inneberer at Soknerådet også vil få krav om å dekkja framtidige pensjonsforpliktingar knytt til samlege som har hatt Kyrkjebakken Barnehage som arbeidsstad. Storleiken på desse krava er ukjent ettersom dei blir berekna årleg ut frå rentenivå og kva avkastning det er på KLP sine pengeplasseringar. Det er derimot rimeleg å anta at desse krava vil vara i størrelsen 300 000 – 450 000 kr årleg. Ettersom soknerådet i all hovudsak ikkje har driftsinntekter, men berre samlar inn gåver og betalingsavgifter knytt til tiltak, er det difor opplagt at soknerådet aldri vil kunne betene slike krav på eigen hand. Det vil difor vera naudsynt med bistand frå anna hald. Korleis dette kan og skal gå til er noko som soknerådet vil jobba med framover.

Dersom soknerådet hadde vunne rettssaka ville Overføringsavtalens Sikringsordning blitt ansvarleg for dei framtidige pensjonsforpliktingane knytt til Kyrkjebakken Barnehage, ettersom det er slike situasjonar ordninga eksisterer for å handtere. Dei som har vore tilsett i barnehagen ville altså fått sin pensjon. Saka var difor aldri mellom soknerådet og barnehagen eller barnehagens tilsette. Kort sagt vant Sikringsordninga fyrst fram med å stoppa konkursbehandlinga av Kyrkjebakken Barnehage med å argumentera for at Kyrkjebakken Barnehage ikkje var sjølvstendig, men ein del av Ferkingstad sokneråd sin verksemd. Sidan kyrkjelova ikkje opnar for at kyrkjelege sokn kan tas inn under konkursbehandling, måtte konkursbuet for Kyrkjebakken Barnehage avviklast. Sidan kyrkjelova vart nytta av Sikringsordninga til å stoppe konkursbehandlinga meinte soknerådet at dei resterande reglane i kyrkjelova også måtte vara gjeldande. Sidan kyrkjelova setter tydelege føringar for korleis og kven som kan hefte ved eit kyrkjeleg sokn, meinte soknerådet at Sikringsordninga ikkje kunne gjera krava gyldige overfor soknet når avtalen ikkje var inngått med soknerådet. Lagmannsretten dømde til slutt altså i Sikringsordningas favør, men samtidig utan å svara på det som var dei rettslege spørsmåla frå soknerådet. Me vil difor dessverre ikkje få vita korleis domstolen har kunna vektlegge enkelte deler av kyrkjelova og samstundes tilsynelatande setja andre deler til sides i handteringa av denne saka.

## PERSONALE

Dagleg leiar har hatt det daglege administrative ansvaret i kyrkjelyden og staben. Dei som er tilsett av Karmøy kirkelig fellesråd eller soknerådet, har dagleg leiar som nærmaste overordna. Dagleg leiar står derimot ikkje i linjeforhold til prestane, som har prosten som nærmaste overordna.

Det har vore litt om rokkering i staben i 2021. Samstundes som Rune Richardsen sa opp sin stilling for å tilrå som ny sokneprest i Falnes hausten 2021, søkte Elin Grindhaug om å få bytte på sine arbeidsoppgåver for det neste året. Elin Grindhaug gjekk difor inn i oppgåvene som Rune Richardsen sa opp, som trusopplærar i 50% og diakonivikar i 50%. Solveig Eike Bringaker kunne difor bli tilsett som kateketvikar i staden for Elin Grindhaug. Samstundes som me ynskjer Solveig velkommen i staben takkar me Rune for tenesta han har gjort, og kanskje særleg det nyttige bidraget frå han i digitaliseringa av tenestetilbodet vårt i denne pandemitida. Takk og lykke til i nye oppgåver.

Sylwia Pawlak ble tilsett som fast reinhaldar i 20% hausten 2021 etter at Jane Sandve fekk innvilga fritak frå dette ansvaret i sin stilling som kyrkjetenar.

Bjørnar Bringaker er vårt nyaste tilskot som kyrkjetenarvikar, som saman Thor F. Karstensen, Geir Sofus Sommerfeldt, Geir Dale og underteiknande har sørgja dekning av kyrkjetenar på samlege gudstenester, vigslar og ved gravferd.

I år ynskjer eg også å gi honnør til Hans Petter Tangen som sjølv om han er organistvikar, nesten kan reknast som eit fast organistbidrag i kyrkjelyden. Han har stilt opp som organist på ein betydeleg del av kyrkjelydens gudstenester når det har vore behov for ekstra krefter. Takk for det.

Ole Thomas Fidjeland  
Dagleg leiar

## OVERSIKT OVER TILSETTE I KYRKJELYDEN 2021

**Sokneprest (50%):** Thor André Lindstad

**Bookar (honorar):** Irene Tveit

### FELLES MED KYRKJELYDEN I FALNES:

**Dagleg leiar (50%) / Kyrkjelydsarbeidar (20%):**

Ole Thomas Fidjeland

**Kyrkjetenar (70%) / Kyrkjelydsarbeidar (30%):**

Jane Sandve

- *Permisjon i 20%, aug-des.*

**Kantor (80%):** Lars Inge Tjøstheim

**Kateket (100%):**

Elin Grindhaug

- *Permisjon, aug-des*
- Solveig Eike Bringaker
- *Vikar for kateket, aug-des*

**Trusopplærar (50%):** Rune Richardsen

- *Slutta juli*
- Elin Grindhaug
- *Midlertidig omplassert, aug-des*

**Diakon (80%):**

Janne Kristine Eng

- *Permisjon i 80%*
- Nina Merita Eng
- *Vikar for diakon i 30%*
- Rune Richardsen
- *Vikar for diakon i 50%, jan-juli*
- Elin Grindhaug
- *Vikar for diakon i 50%, aug-des*

**Renholder (20%):**

Sylwia Pawlak

- Tilsett oktober

### FELLES MED FLEIRE KYRKJELYDAR:

**Kyrkjegardsarbeidar (100%):** Edvar Kalstø

**Kyrkjegardsarbeidar / ENØK (100%):** Tor Helge Tjøstheim

# ORIENTERING FRÅ SOKNEPRESTEN

## OM GUDSTENESTELIVET I FERKINGSTAD KYRKJELYD

2021 ble nok eit ekstraordinært statistikkår, sidan styresmaktene la strenge avgrensingar på kyrkjeleg verksemd. I gjennomsnitt tok 43 personar del i kvar gudsteneste som vart feira i regi av Ferkingstad kyrkjelyd. Dette er berre litt lågare enn året før, dvs. i 2020, då 46 personar i gjennomsnitt deltok kvar gong det vart feira gudsteneste, men deltaking er under det halve av det som har vore vanleg dei siste åra. Det har òg vore færre til nattverd i 2021 enn det var året før. Fleire gudstenester er blitt haldne utan nattverdfeing.

Det var i Ferkingstad to som melde seg inn i og ein som melde seg ut av kyrkja i 2021. Talet på dei para som vart vigsla som mann og kone i regi av Den norske kyrkje var to. Talet på døypte var i Ferkingstad i fjor 17 stk. Då er alle dåp rekna med for dei som bur i soknet, sjølv om nokre av dei som vart døypte reint faktisk hadde dåp i til dømes nabokyrkjelydane eller andre stader. Det vart forretta 21 gravferder, og det er fleire i soknet enn på mange år. Talet på konfirmantar var 20 i 2021, som òg er mykje meir enn på lenge, m.a. over ei dobling frå 2020, då 9 vart konfirmerte. Ut over dette har trusopplæringa si eiga rapportering.

Det vart samla inn ein god del mindre i takkoffer i kyrkja i 2021 enn i 2020, og det som til vanleg har vore ein årviss dør til dør-aksjon til inntekt for arbeidet til Kirkens Nødhjelp rundt om i verda, vart i 2021 organisert digitalt, til likes med i 2020. Det kom i 2021 inn kr. 14.174,-, som er kr. 9,96 pr. innbyggjar, mot totalt i 2020 kr. 12.652,-. Misjonsløpet for konfirmantkullet 2021/2022 vart utsett til januar 2022.

ÅRSSTATISTIKKEN								
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Dåp	9	8	14	8	7	7	9	17
Vigslar	4	5	4	4	4	5	1	2
Konfirmantar	14	11	14	15	16	12	9	20
Gravferder	11	18	15	16	12	15	17	21
Innmelde i Den norske kyrkja	0	0	2	0	0	1	0	2
Utmeldte av Den norske kyrkja	1	2	14	7	3	5	0	1
Gudstenester	27	25	29	29	27	26	24	26
Deltaking ved gudstenester	2 467	2 384	2 490	2 617	2 770	2 401	1 095	1 124
Gj.snittleg deltaking v/gudstenester	91	95	86	90	103	92	46	43
Talet på nattverdgjestar	706	594	900	741	864	690	369	181
Gj.snitt på nattverdgjestar for kvar nattverdfeing	44	46	47	41	48	43	26	13
Takkoffer i kyrkja i alt	91 822	92 843	86 932	93 626	90 904	84 750	56 753	57 885
Av det til kyrkjelydsarbeidet	45 047	55 416	35 724	36 442	40 958	40 366	28 788	24 759
Prosentdel til kyrkjelydsarbeidet	49,1	59,7	41,1	38,9	45,1	47,6	50,7	42,8
Kirkens Nødhjelps dør-til-dør-aksjon	28 322	35 038	31 975	28 660	30 643	16 541	12 652 (digitalt)	14 174 (digitalt)
Misjonsløp								Ikke gjennomført i 2021
2014: Strømmestiftelsen	5 625	3 470	10 210	6 850	5 540	3 350	6 290	
2015-2020: Prosjekt v/Den Norske Israelsmisjon								

Thor André Lindstad  
Sokneprest

# ORIENTERING FRÅ KATEKET OG TRUSOPPLÆRAR

## OM UNDERVISNINGSARBEIDET I KYRKJELYDEN

«Friske skudd», er visjonen vår for trusopplæringa. Jesus er det levande treet og vi er greinene som stadig skyt friske skot. Gjennom arbeid vårt ønsker vi at nye skal få oppleva at dei høyrer til i det kristne fellesskapet. Vi ønsker å leggja til rette for at barn, unge og vaksne skal få truserfaring og truspraksis.

Kvart år blir alle døypte mellom 0-18 år invitert til eit eller fleire trusopplæringstiltak i kyrkjelyden vår. Ofte ser vi at foreldre òg informerer om kommande trusopplæringstiltak via Facebook grupper som skuleklassane har. På den måten får òg dei som ikkje er døypt informasjon om tiltaka. Generelt har vi veldig god oppslutning på tiltaka våre. Det gleder vi oss over.

«Det e du som jobba i kjerka, sant?», er ein kommentar vi ofte høyrer når vi treffer igjen barn som har vore på trusopplæringstiltak. Å bygga relasjon til både barna og foreldra deira tenker vi er ein viktig faktor viss vi skal lykkast i visjonen vår. Denne visjonen eig vi som kyrkje saman!

2021 har, grunna pandemien, i aller høgste grad vore eit annleis år, også i trusopplæringa. Nokre tiltak blei gjennomførte som vanleg, andre har vi endra på, og nokon har vi måtte avlysa av omsyn til smittevern. Dette året har vi starta opp eit nytt trusopplæringstiltak for 11 åringar.

### I ALDERSGRUPPA 0-5 ÅR HAR VI FYLGJANDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK:

Alder	tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte	Falnes	Annet
0	Dåpssamtale m/gudsteneste	17/17		
1	Babysong	8/9	16/20	
1-3	Dåpshelsing	28/28		
2	Krøllekveld	-	-	Avlyst
3	Virvel	3/8	7/26	
4	Skattejakt/barnebibel	6/9		
5	Barabbas	10/10	30/30	Heimesamling
5	Intro søndagsskule	3/9		

Vi har evaluert utsending av dåpshelsing og komen fram til at vi frå 2022 berre sender ut dåpshelsing det første året etter dåp. Når barna er to år blir dei inviterte til Krøllekveld og når dei er tre år blir dei inviterte til Virvel.

Barabbas på Fredtun før påske, har vore eit populært tiltak. Både i år og i fjor har samlinga dessverre vorte avlyst. I fjor laga vi eit gratis 'gjer-det-heime-opplegg' som vi kørde rundt til kullet med. Dette gjorde vi også i år.

### I ALDERSGRUPPA 6-12 ÅR HAR VI FYLGJANDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK:

Alder	Tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte	Falnes	Annet
6	Intro Seier	-		Avlyst
6	Skulebollefest	7/10		
7	Dåpsskule	6/9		
8	Plan B Noah	-	-	Avlyst
8	Plan B Peter	5/11	29/39	
9	Plan B Tomas	13/15	17/36	

9	Tårnagenthelg	16/15		
10	Intro Yngres	-		Avlyst
10	Plan B Paulus	-	-	Avlyst
11	Julegåveweekend	13/22	30/42	
12	Lys Vaken	15/16		
12	Camp Fredtun	9/14	26/40	

Barnekoret Seier manglar for tida leiarar og kjem derfor ikkje til å kunna starta opp igjen januar 2022.

For fyste gong vart det dette året arrangert julegåveweekend, og for ein respons! 43 barn frå Ferkingstad og Falnes melde seg på. I løpet av dei to dagane fekk barna laga forskjellige julegåver. Vi fekk høyra bibelforteljinga om Sakarja i tempelet og juleevangeliet. Fredagskveld såg vi filmen «Stjernen». Gjennom heile helga fekk vi servert god mat. Tusen takk til alle frivillige som deltok. Det hadde ikkje vore mogleg å gjennomføra utan dykk!

Frå 2022 utgår tiltaket Plan B Paulus. Plan B tiltaka skal arrangerast på skulens planleggingsdagar, og vi har rett og slett eit Plan B tiltak for mykje i forhold til det. Innhald og tema frå Plan B Paulus blir flytta til i Camp Fredtun.

#### I ALDERSGRUPPA 13-18 ÅR HAR VI FYLGJANDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK:

Alder	Tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte	Falnes	Annet
13	Intro LUF	-		Avlyst
14	konfACTION	13/16	32/32	
15	Konfirmasjon	19/21		
15	Brosjyre til 10. klassinger	19/21	43/44	
16	tCrew	1/13	8/37	
17-18	Secret Service	-	-	Ikkje planlagt

I år arrangerte KRIK konfACTION på Åkra 12.-15. august. Alle konfirmantar frå Ferkingstad og Falnes deltok på leiren. Konfirmantane sov i den nye hallen og møta vart haldne i Åkra kyrkje. Saman med konfirmantane våre var det òg konfirmantar frå Åkra, Avaldsnes, Veia og Tysvær. Konfirmantane valde ein aktivitet som dei deltok på i løpet av dagane. Vi hadde òg undervisning. Kvar morgon og kvar kveld var det møte i kyrkja med god preik og god musikk. Evalueringa i etterkant av leiren viste at konfirmantane syntest dagane på Åkra hadde vore kjekke. I etterkant av den evalueringa KRIK gjorde, som var i samarbeid med kyrkjelydane, har KRIK vedtatt at det ikkje blir konfACTION på Karmøy i 2022. Vi vel derfor å tilby konfirmantkullet for neste år å reisa på konfACTION i Bø, slik vi har gjort gjennom mange år.

På tCrew samlingane våre får vi moglegheit til å bruka tid saman med ungdommane. Det er spennande å høyra kva dei tenker om tru og tvil, om det å vera leiar, og korleis dei opplever det kristne fellesskapet. Målet for kurset er at ungdommane skal bli trygge på eiga tru og identitet og ha dette som grunnlag for å vidareutvikla ein leiaridentitet og at ungdommane skal bli integrert i kyrkjelyden og arbeidet der. Grunna pandemien har ikkje gruppa fått så mykje leiarpraksis i trusopplæringa som planlagt.

## **KYRKJE-SKULE/BARNEHAGE -SAMARBEID**

Det er gode tradisjonar for samarbeid mellom kyrkje og skule/barnehage på Ferkingstad. Dette er ikkje ei sjølvfølge og vi vil difor takke særleg for dette samarbeidet.

«Vandring gjennom Bibelen for born» i 5. klasse blei gjennomført i mai/juni. Kurset har eit omfang på fire skuletimar.

Før pinse hadde vi pinsevandring for 3.klasse ute. Klassen møtte ved Ferkingstad hamn. Vi hadde pynta med ballongar og flagg på ei stor grasslette. Vi snakka om dei tre store høgtidene vi har i kyrkja og at pinse er kyrkja sin fødselsdag. Deretter jekk vi til stranda. Her møtte vi Peter som fortalde litt om livet sitt og om kva som skjedde på pinsedag. Han prøvde og å gå på vatne igjen, men det gjekk ikkje så bra. Etterpå jekk vi vidare til den gamle kyrkjegarden. Her fekk barna høyre om kva som skjedde då læresveinane blei fylde av Den heilage ande. Vi song nokre songar saman og snakket litt om symbol for Den heilage anden. Barna lærte også litt om den gamle kyrkja som har stått her ned på Ferkingstad. Vi snakka om dåp og misjonsbodet.

Julevandring er ein stemningsfull og populær tradisjon i kyrkja vår. Kvart år blir dei største barna i barnehagen og 1. klasse inviterte til denne vandringa. Det pedagogiske opplegget legg særleg vekt på to pedagogiske idear: oppleving og deltaking. Gjennom deltakinga får barna oppleva og merka juleevangeliet med mange sansar. I år var det ein skuleklasse og to barnehageavdelingar som deltok.

Grunna restriksjonar knyta til smittevern blei det ikkje gjennomført påskevandring og skolegudsteneste i kyrkja dette året.

Rune Richardsen  
Trusopplærer

Elin Grindhaug  
Kateket og trusopplærer

Solveig Eike Bringaker  
Kateket

## **ORIENTERING FRÅ DIAKONiarBEIDAR**

### **OM DET DIAKONALE ARBEIDET I KYRKJELYDEN**

Nina Merita Eng har hatt 30% stilling som diakonimedarbeidar. Rune Richardsen har hatt 50% stilling som det same. Frå 1.august overtok Elin Grindhaug for Rune.

### **NINA MERITA HAR HATT FØLGJANDE HOVDANSVAR:**

#### **JULEBESØK PÅ VEA SJUKEHEIM (FELLES MED FERKINGSTAD)**

Besøket vart ikkje gjennomført grunna smittevernsituasjonen, men vi gav blomsterhelsing til avdelingane vi pleiar å besøka.

#### **«VELKOMMEN HIM» (FELLES MED FERKINGSTAD)**

Dette er ei husgruppe for ungdom torsdagar i oddetalsveker kl.18-20 heime hos diakoniarbeid. Grunna smittevern vart nokre samlingar flytta til Falnes menighetshuset, ein del samlingar vart òg avlyste.

Det er «drop-in» og kvelden består av enkel hobbyaktivitet/handarbeid, prat og snacks. Vi har andakt og ein kort samtale. Vi har hatt 10 samlingar i 2021. Det har vore ca. seks deltakarar gjennom året.

### **KONFIRMANTGRUPPA «KREATIV» (FELLES MED FERKINGSTAD)**

Konfirmantkullet 2021/2022 hadde moglegheit for å velja «Kreativ» som ein aktivitet i konfirmanttida. Konfirmantane i denne gruppa samlast anna kvar veke på kyrkjelydkontoret i Skudenes og passar for dei som liker å vera kreativ og laga ting med hendene.

#### **ANDRE OPPGÅVER:**

- Medansvar for Helgemessa
- Heimebesøk
- Grøn kyrkjelyd
- Medansvar i HEL-koret på Karmøy

### **RUNE/ELIN HAR HATT FØLGJANDE HOVUDANSVAR:**

#### **JUBILANTHELING**

Dei av medlemmane i kyrkja som soknar til Ferkingstad og fylte 80, 85, 90, eller 95 år har fått ei blomsterhelsing frå kyrkjelyden. Det er «Blåkklokken» som pakkar og køyra dette ut for oss. Tusen takk for samarbeidde!

### **BABYSONG 0-1 ÅR (FELLES MED FERKINGSTAD)**

Babysong er ei unik moglegheit for å møta andre som har barn på same alder, og utveksla gleder og utfordringar i ein hyggeleg setting. Tiltak er populært og som regel er kursa heilt fulle. På babysong startar vi med ei songsamling og etterpå et vi lunsj saman. I 2021 har det vore nødvendig å tilpassa kursa etter smittevernreglene, men vi har likevel greidd å gjennomføra to kurs.

### **KRØLLEKVELD 2 ÅR (FELLES MED FERKINGSTAD)**

På våren blir alle 2-åringar inviterte til Krøllekveld. På samlinga er det song, leik og forteljing om sauene som gjekk seg bort. Gjennom forteljing og song skal barna sjå at Gud elsker dei og kjenner dei ved namn. I 2021 vart Krøllekveld avlyst grunna smittevern.

### **KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON**

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon vart gjennomført digitalt, nærare bestemt gjennom innsamlingsaksjon på Facebook, Vipps og SMS. Konfirmantane deltok ved å promotere aksjonen. Ferkingstad kyrkjelyd samla inn 14.174,-

### **FREDTUNKLUBBEN (FELLES MED FERKINGSTAD)**

Frå 2022 vel vi å bruka ressursar på Fredtunklubben. Diakonimedarbeidar vil i snitt vera med to gangar i månaden. Her samlast det ca. hundar ungdommar, frå Falnes og Ferkingstad, kvar onsdag og vi tenker at dette er ein viktig arena for ungdomsdiakoni.

### **FØREMIDDAGSTREFF**

Føremiddagstreffet vart avvikla våren 2021 i samarbeid med soknerådet.

### **PÅSKEFRUKOST**

Grunna smittevern vart det ikkje påskefrukost i 2021.

## MEDARBEIDARFEST

Grunna smittevern vart det ikkje medarbeidarfest i 2021.

## OPEN KVELD

Dette er eit populært lågterskeltilbod for vaksne ca. ein gang i månaden på Kyrkjebakken. Diakonimedarbeidar har ansvar for å skaffa songkrefter til kvar samling.

## ANDRE OPPGÅVER:

- Heimebesøk

Nina Merita Eng  
Diakonimedarbeidar

Rune Richardsen  
Diakonimedarbeidar

Elin Grindhaug  
Diakonimedarbeidar

## KONTAKTINFORMASJON

Kyrkjelydskontoret har ikkje faste opningstider. Men det er vanlegvis folk å treffa tysdag – torsdag mellom kl: 09.00 – 15.00. Men for å vara sikker på at ein møter rett person er det mogleg å avtala tid ved å ta kontakt.

<b>Ferkingstad kyrkjelyd / Servicetorget</b>		<i>(Open man.–fred. kl: 08.00–15.00)</i>	52810001
<b>Soknerådsleiar</b>	Inghild Skeiseid Nordbø	ingskeiseid@hotmail.com	90568496
<b>Dagleg leiar</b>	Ole Thomas Fidjeland	ole.thomas.fidjeland@karmoykirken.no	97124103
<b>Sokneprest</b>	Thor André Lindstad	thor.andre.lindstad@karmoykirken.no	48154228
<b>Kantor</b>	Lars Inge Tjostheim	lars.inge.tjostheim@karmoykirken.no	95440869
<b>Kyrkjetenar</b>	Jane Sandve	jane.sandve@karmoykirken.no	90580413
<b>Trusopplærar</b>	Elin Grindhaug	elin.grindhaug@karmoykirken.no	41506781
<b>Diakon (vikar)</b>	Nina Merita Eng	nina.eng@karmoykirken.no	45614126
<b>Kateket (vikar)</b>	Solveig Eike Bringaker	solveig.bringaker@karmoykirken.no	98675584
<b>Reinhaldar</b>	Sylwia Pawlak		
<b>Kyrkjebakken</b>	Irene Tveit (booking)		41336182
<b>Fredtun leirstad</b>			40213378
<b>Arbeidsleiar kyrkjegard</b>	Edvar Kalstø		95025665

Dersom ein ynskjer å leige kyrkja, skal ein ta kontakt med dagleg leiar.

Dersom ein ynskjer eller trenger å gjere avtale om dåp, vigsel eller gravferd, tar ein kontakt med servicetorget. Du kan også finna fram til mykje av den informasjonen du treng sjølv, ved å nytta våre nettsider: [www.ferkingstadkirke.no](http://www.ferkingstadkirke.no) [www.karmoykirken.no](http://www.karmoykirken.no)

## VEDLAGT ÅRSMELDINGA:

- VEDLEGG 1: ÅRSSTATISTIKK 2021
- VEDLEGG 2: ÅRSREGNSKAP 2021

## 28. Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2021

### 1 Opplysningar om soknet

1.1	Kommunennummer		
		<input type="text" value="1149"/>	
1.2	Namnet på fellesrådet	Fellesrådets organisasjonsnummer	
	<input type="text" value="KARMØY KIRKELIG FELLESRÅD"/>	<input type="text" value="876994062"/>	
1.3	Namnet på soknet	Organisasjonsnummer til soknet	
	<input type="text" value="FERKINGSTAD SOKN"/>	<input type="text" value="976994035"/>	
1.4	Adressa til soknet	Postnummer	Poststad
	<input type="text" value="Postboks 23"/>	<input type="text" value="4297"/>	<input type="text" value="SKUDENESHAVN"/>
1.5	Namn skjemaansvarleg	E-post skjemaansvarleg	Telefonnummer
	<input type="text" value="Thor André Lindstad"/>	<input type="text" value="ferkingstad@karmoykirken.no"/>	<input type="text" value="48154228"/>

### 2 Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane skal registrerings- og meldingsrutinane følgjast, og tala herfrå dannar grunnlaget for føring i årsstatistikkskjemaet.

	Antal	
2.1 Kor mange blei konfirmerte i soknet?	<input type="text" value="20"/>	
2.2 Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?	<input type="text" value="2"/>	Talet på deltakarar <input type="text" value="111"/>
2.3 Kor mange forbønshandlingar for borgarlege giftarmål blei utførte i soknet?	<input type="text" value="0"/>	
2.4 Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?	<input type="text" value="21"/>	Talet på deltakarar <input type="text" value="812"/>
2.4.b ... kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)?	<input type="text" value="21"/>	

### 3 Gudstenester

#### 3.A Antall gudstjenester og deltakere

	Talet på gudstenester	Talet på deltakarar
3.A.1 Kor mange gudstenester blei totalt haldne på søn- og helgedagar?	<input type="text" value="25"/>	<input type="text" value="983"/>
3.A.2 Kor mange gudstenester blei totalt haldne utanom søn- og helgedagar?	<input type="text" value="1"/>	<input type="text" value="141"/>
3.A.3 Totalt tal på gudstenester og deltakarar (sumfelt)	<input type="text" value="26"/>	<input type="text" value="1124"/>

#### 3.B Fordel totalt tal på gudstenester etter kvar dei fann stad

	Tal på gudstenester
3.B.1 ..... i kyrkja/ene i soknet?	<input type="text" value="25"/>
3.B.2 ..... på institusjon i soknet?	<input type="text" value="0"/>
3.B.3 ..... på ein annan stad, verken i kyrkja/ene i soknet eller på institusjon i soknet?	<input type="text" value="1"/>
3.B.4 Totalt tal på gudstenester (NB!! Summen skal vere lik 3.A.3)	<input type="text" value="26"/>

#### 3.C Kor mange av desse typane gudstenester blei gjennomførte?

	Tal på gudstenester	Totalt tal på nattverdsgjestar	Totalt tal til skriftemål	Totalt tal på deltakarar
3.C.1 Gudstenester med nattverd	<input type="text" value="14"/>	<input type="text" value="181"/>		
3.C.2 Gudstenester med skriftemål	<input type="text" value="0"/>		<input type="text"/>	
3.C.3 Hovudgudsteneste særlig tilrettelagd for barn	<input type="text" value="9"/>			<input type="text" value="278"/>
3.C.4 Gudstenester særlig tilrettelagd for ungdom	<input type="text" value="12"/>			<input type="text" value="554"/>

3.C.5 Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn	<input type="text" value="0"/>		<input type="text" value=""/>
3.C.6 Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn	<input type="text" value="0"/>		<input type="text" value=""/>
3.C.7 Gudstenester med dåp	<input type="text" value="12"/>		<input type="text" value="603"/>
3.C.8 Konfirmasjonsgudstenester	<input type="text" value="2"/>		<input type="text" value="260"/>
3.C.9 Julaftansgudstenester	<input type="text" value="2"/>		<input type="text" value="54"/>
3.C.10 Gudstenester i påska	<input type="text" value="1"/>		<input type="text" value="2"/>
3.C.11 Gudstenester Kristi Himmelfartsdag	<input type="text" value="0"/>		<input type="text" value=""/>
3.C.12 Gudstenester i pinsa	<input type="text" value="1"/>		<input type="text" value="39"/>
3.C.13 Gudstenester med samisk innslag	<input type="text" value="0"/>		<input type="text" value=""/>
3.C.14 Allehelgensgudstenester	<input type="text" value="1"/>		<input type="text" value="51"/>
3.C.15 Økumeniske gudstenester	<input type="text" value="0"/>		<input type="text" value=""/>
